

08/25 Referat frå møte i Strandebarm sokneråd

Stad: Haukåsvegen 22 (hos Margun)

Tid: Torsdag 04.12.25 19.00-21.45.

Desse møtte: Lenie Hoogerbrugge, Vette K. Eide, Jorunn B. Lillefosse, Kjell J. Hoff,
Renate B. Nernes, Margun M. Tordal, Lillian H. Fosse (frå sak nr. 62/25).

Forfall: Tor-Håkon Berge.

Sak 59/25: Godkjenning av innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 30.10.25

Vedtak: Innkalling, sakliste og møtebok for soknerådsmøte 30.10.25 vart godkjent.

Sak 60/25: Spørsmål om utvida dugnadsteneste

Vedtak: Saka er bestemt unnateke offentlegheit.

Sak 61/25: Meldingar.

- Julefest søndag 04.jan. Anne Marie B.Berge vil ta på seg å leia og vera hovudansvarleg for programinnhaldet. Soknerådet vil ordna alt det praktiske både før, under og etter festen.
- Odd Johan Tordal har sagt seg villig til å leia det praktiske omkring oppussingsarbeidet i kyrkja over nyåret. Leiar og nestleiar vil kontakta folk direkte med spørsmål om å hjelpa til. Facebook, kunngjering i kyrkja og event. plakatar/annonse i Hf blir også brukt til å formidla behovet for dugnadsfolk.
- Programnemnda jobbar godt med jubileumshelga. Har prøvd å variera innhaldet ved å sjå på alternativ underhaldning til folkemusikk fredagen også.
- Det er planlagt konsert og lotteri i Strandebarm kyrkje eller på kyrkjelydshuset 23.januar. Meir under sak 62/25.
- Det er tinga materiell frå Messy church til bruk i kyrkjelydane i Kvam. I Strandebarm tek ein sikte på å få til ei Messy church gudsteneste 03.mars -26.
- Kyrkjeleg fellesråd vil ikkje ha symbolbruk eller tekst på namneplater på minnelunder i Kvam, kun namn og dato/årstal på dei døde.

Vedtak: Framlagde meldingar vart tatt til vitande.

Sak 62/25: Innsamling av midlar til orgelvøle.

Vedtak: Framlegg til vedtak vart godkjent.

Sak 63/25: **Takkofferliste i kyrkja , vår 2026.**

Vedtak: Soknerådet vedtok at våren -26, skal offergåvene gå til desse formåla:
konfirmantarbeidet, KIA, KRIK, det nye misjonsprosjektet på Madagaskar som går
gjennom NMS, Sjømannskirken, Kirkens SOS og Institutt for sjelesorg.

Sak 64/25: **Skal dei innsamla midlane til orgelvøle overførast til Kyrkjeleg fellesråd no, eller
etter behov?**

Vedtak: Soknerådet vedtok at fellesrådet får overført 30% av kontraktsummen for orgelvøla no,
slik at fyrste avdrag kan betalast.

Etter sjølve møtet vart det sosialt samvær med god mat og drikke.

Takk til Margun som stelte det så fint til!

Jorunn Lillefosse

Ref.